



Arkivnr: 2016/9963-19
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 30.08.2018 |

Søknad om ruteløyve for ferjedrift frå Sunnhordland Ferjerederi AS u/s - klage på vedtak

Samandrag

På møte den 1. februar 2018 avslo fylkesutvalet søknad frå Sunnhordland Ferjerederi AS u/s om ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. Vedtaket vart påklaga av søkjaren i det ein hevdar at det er rom for å ta inn eit nytt ferjesamband både på Sunde og Jektevik. I saka går fylkesrådmannen gjennom klaga og konkluderar med at klaga ikkje har bringa fram nye moment som gjev grunnlag for å endra vedtaket som fylkesutvalet gjorde i februar 2018.

Økonomi: Kan få vesentlege økonomiske fylgjer for fylkeskommunen viss søknaden vert innvilga

Klima: Dersom det vert opna for eit nytt ferjesamband som ikkje har same krav til miljøstandard som dei fylkeskommunale sambanda ein konkurrerer mot, så vil det gje negativ miljøeffekt.

Folkehelse: Overføring av trafikk frå samband med høg miljøstandard til samband med svak miljøstandard kan vera negativt for folkehelsa.

Regional planstrategi: Ingen verknad.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna ta klaga på avslag på søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til fylgje. Grunngevinga for det er at fylkeskommunen nyttar heile arealet både på Sunde og Jektevik til eigne kollektivføremål.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Klage frå Sunnhordland Ferjerederi AS u/s
Brev frå samferdselsdepartementet

Fylkesrådmannen, 10.07.2018

Bakgrunnen for saka

På møte i fylkesutvalet den 30. mars 2017 vart Sunnhordland Ferjerederi AS u/s (SFUS) sin søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde-Jektevik handsama. Fylkesutvalet vedtok å utsetja saka til eit seinare møte i det ein ynskte meir informasjon om praktisering av regelverket.

Til møte den 1. februar 2018 vart saka lagt fram på nytt med fylgjande innstilling:

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål.

Det vart fatta vedtak i samsvar med innstillinga.

I brev av 24.04.2018 påklaga SFUS vedtaket i fylkesutvalet. Ved klage på vedtak som fylkesutvalet har fatta, skal saka tilbake til fylkesutvalet som skal vurderer klaga og eventuelt gjera om vedtaket. Dersom så ikkje skjer, så skal klaga handsamast av klagenemnda som vil fatta endeleg avgjerd.

Kort oppsummering av saka

SFUS søkte den 27. september 2016 om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. I grunngjevinga for søknaden heitte det at ein ynskte å gje trafikantane eit enklare og vesentleg betre ferjetilbod med hyppigare avgongar og kortare reisetid. Ein synte til at trafikken hadde gått ned på sambandet Ranavik-Skjersholmane etter at ein la ned anløpet på Sunde i samband med opninga av Halsnøytunnelen. I søknaden la ein opp til å driva sambandet med to ferjer.

Fylkesutvalet handsama søknaden den 30. mars 2017 og vedtok å utsetja handsaminga til eit seinare møte i det ein ynskte meir informasjon om praktisering av regelverket for tildeling av ruteløyve for kommersielle ruter.

Etter ei ytterlegare utgreiing vart saka på nytt lagt fram for fylkesutvalet i møte den 1. februar 2018. I saksutgreiinga vart dei ulike momenta i brevet frå samferdselsdepartementet drøfta og det vart konkludert med at korkje Sunde eller Jektevik kai er tilrettelagt til bruk for ei ny ferjerute.

Melding om vedtak vart sendt til søkjaren den 15. mars, og vedtaket vart påklaga i brev av 24. april 2018.

Om klaga

I brevet av 24.04.2018 skriv klagaren:

Vår klage rettar seg mot det som er grunngjevinga for at ein likevel har avslått søknaden: « i det fylkeskommunen syner til at ferjekaiane /oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål».

Søkjaren syner til brev frå samferdselsdepartementet (vedlagt) om retten til å yta sjøtransporttenester i tråd med EØS regelverket. I klaga vert det synt til at ferjekai med oppstillingsplassar er regulert i vegtrafikklova og hevda at bruksløyve/stenging difor må vera heimla i vegtrafikklova, samt at ferjekai som vert nytta som beredskapskai skal vera open for ålmenn ferdse. I klaga vert det og synt til hamne- og farvannslova og plikta til å ta imot fartøy i det omfang plasstilhøva tillet det. I klaga vert det hevda at det må leggjast til grunn ei konkret og dokumentert grunngjeving av trafikk- og arealforholda på kaiane, og at dette ikkje vart gjort i saka. Det vert trekt fram at det er utarbeida reguleringsplan og plan for utviding av parkeringsarealet på Sunde, og hevda at når desse planane er sett ut i livet vil det vera plass til både pendlerparkering og ferjeoppstilling.

For Jektevik sin del vert det hevda at oppstillingsfilene kan delast for å få plass til oppstilling for begge sambanda. Det vert vidare synt til at når brua over Langenuen er bygd, så vil store deler av ferjekaien verta frigjeven.

Bruken av ferjekaiene i dag

Både Sunde og Jektevik ferjekaiar er nytta av fylkeskommunen i dag. Sunde ferjekai er nytta som snøggbåtkai med tilhøyrande innfartsparkering for reisande med snøggbåten. Innfartsparkeringa er eit viktig element i den felles arbeidsmarknadsregionen for Sunnhordland. Innfartsparkeringa har plass til 90 bilar og har god utnytting. Det er sett av 4,0 mill kr på investeringsbudsjettet til utvikling av området. Planen er at ein skal få til ei betre og tryggare tilretteleggjing for alle type brukarar av området. I tillegg til pendlarparkering inneber det 2 oppstillingsplassar for bussar, «kyss & køyr»-plassar til snøggbåten, handikap parkering, sykkel/mc/scooter parkering med overbygg, parkering for mannskap til ambulansebåt/snøggbåt og oppstillingsplass for ambulanse. Det heile må sikrast trygg tilkomst for mjuke trafikantar mellom parkeringsplass, venterom og buss/båt. Sunde ferjekai er beredskapskai for sambandet Ranavik-Skjersholmane. Dersom det skulle bli aktuelt å nytta kaien som beredskapskai i kortare eller lengre periodar, så må innfartsparkeringa vika plass.

Jektevik kai er nytta til sambandet Hodnanes-Jektevik-Nordhuglo. I tillegg går det ein sein kveldstur frå Ranavik til Jektevik. Det er 5 oppstillingfiler til Hodnanes og ei fil til Nordhuglo. I dei 5 filene til Hodnanes er det plass til 60 oppstillingsplassar til personbilar. Ferja har kapasitet til 76 pbe. Sambandet har lite attståande bilar, men kapasiteten er godt utnytta i dei trafikksterke periodane på dagen/året.

Kommentarar til klaga

I klaga kjem det ikkje fram nye forhold som ikkje var kjent då saka vart fremja sist.

Det er veglova som regulerar bruk av offentleg veg og den slår fast i innleiinga at ferjekai inngår som ein del av det offentlege vegnettet. Departementet skriv fylgjande om dette:

Veglova omhandlar og gir reglar om planlegging, bygging vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, som etter formålet med lova skal vere å tryggje at trafikken på vegane kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med, jf. lova § 1a. Det er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene etter veglova § 1a å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles. Etter veglovgivninga gjeld det som utgangspunkt eit prinsipp om at dei offentlege vegane skal vere opne for allmenn ferdsel — vegar som ikkje er opne for allmenn ferdsel, skal bli omklassifisert eller lagt ned etter føresegnene i lovas kapittel 1. Myndigheitene kan såleis ikkje nekte private og næringsdrivande ferdsel på dei offentlege vegane med mindre det ligg føre eit særskilt grunnlag.

I klaga vert det vidare synt til hamne og farvannslova. Det vert synt til §39 i lova der det m.a. heiter: *Eiere og operatører av havner og havneterminaler har plikt til å motta fartøy i det omfang plassforholdene tillater det, og fartøyet ikke er til urimelig fortrengsel for eierens behov for egen bruk av havnen eller andre som er sikret rett til å bruke havnen. Eiere og operatører av havner og havneterminaler kan fastsette begrensninger i adgangen til å anløpe havn, av hensyn til sikkerhet, miljø og fiskerinæringen. (Våre understrekingar)*

Sunde ferjekai er open for allmenn ferdsel. Det er etablert innfartsparkeringsplassar til snøggbåten og området er elles tilrettelagt med avstigingsområde til båten for bilar/bussar og inn- og utkøyringsfiler. Området kan ikkje reetablerast som fast ferjekai med mindre ein fjernar innfartsparkeringsplassane. Det er fylkeskommunen som eig ferjekaien og som grunneigar kan ein disponera området etter eige ynskje. Det er i fylkeskommunen si interesse å oppretthalda innfartsparkeringsplassane på Sunde. Plassforholda tillet ikkje at det vert etablert eit nytt ferjesamband med utgangspunkt i Sunde ferjekai. Om så skulle bli pålagt, så vil det vera til «urimelig fortrengsel» for eigaren sin trong for eiga bruk av kaiarealet.

Jektevik kai er bygd ut for å dekkja arealbehovet for ferjesambandet Hodnanes-Jektevik-Nordhuglo. Både oppstillingsområdet og arealet elles er dimensjonert for dette spesifikke sambandet. Det er 60

oppstillingsplassar til Hodnanes og ferja har kapasitet på 76 pbe. Det er ein ferjelem i Jektevik. Det vil vera særers lite tenleg å «dela» ferjeleiet og oppstillingsplassen på to samband med tre ferjer. Arealet på land er ikkje tilrettelegt for 2 ferjesamband, og med ein ferjelem som skal tena tre ferjer i to samband vil det vera duka for interessekonfliktar og forseinkingar. Etersom sambandet Hodnanes-Jektevik-Nordhuglo skal elektrifiserast frå 2020 må ein ha ekstra fokus på tilgjenge til ferjekaien.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klaga frå SFUS har tilført saka noko nytt sidan den sist var handsama. Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at gjeldande lovverk gjev private aktørar rett til å leggja beslag på offentleg eigedom som er i dagleg bruk for eigaren. Fylkesrådmannen vil difor oppretthalda innstillinga frå sist saka var oppe, og tilrår å avslå klaga.